



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK
Formannskapet



Møtedato: 11.02.2026

Møtetid: 13:00 - -17:00

Møtestad: Lonevåg, Rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Alexander Thunestvedt	Varaordfører	AP
Turid Bjørndal Njåstad	Medlem	SP
Ann Kristin Borge	Medlem	AP
Kim Andre Hartveit	Medlem	FRP
Ragnar J Tyssebotn	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Sebastian Andre Haugland	MEDL	H
Lars Fjeldstad	ORD	SP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Jarle Skeidsvoll		KRF
Renathe Tangen		V

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Aleksander Bergli

Ekstra informasjon til møte:

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 1/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 2/26	Godkjenning av møtebok 26.11.2025	
PS 3/26	Referatsaker og meldinger	
RS 1/26	Svar på førespurnad frå Formannskapet i Osterøy kommune om støtteordningar for lokale båtruter	
FO 1/26	Beredskapsplan for oppvekst, undervisning og kultur	
PS 4/26	Språkprofil - Osterøy kommune	
PS 5/26	Debatthefte 2026	
PS 6/26	Framtidig organisering av arbeidsmarknadsverkemndene i Nordhordland som leverer tiltaka Varig tilrettelagt arbeid (VTA) og arbeidsforberedande trening (AFT)	
PS 7/26	43/1 - Søknad om samtykke til deling etter jordlova	
PS 8/26	Avslutte miljøfyrtårnsertifisering av kommunale bygg	
PS 9/26	Utviding av IKTNH med tre nye kommunar	
EV 1/26	Andre saker/spørsmål	

*Alexander Thunestvedt*Varaordfører

PS 1/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Formannskapet - 11.02.2026 av sak 1/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 11.02.2026 av sak 1/2026 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vart godkjend.

PS 2/26 Godkjenning av møtebok 26.11.2025

Handsaming i Formannskapet - 11.02.2026 av sak 2/2026 Godkjenning av møtebok 26.11.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møtebok frå 26.11.2025 vert godkjent

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 11.02.2026 av sak 2/2026 Godkjenning av møtebok 26.11.2025:

Møtebok frå 26.11.2025 vert godkjent

PS 3/26 Referatsaker og meldinger

Handsaming i Formannskapet - 11.02.2026 av sak 3/2026 Referatsaker og meldinger:

Vedtak i Formannskapet - 11.02.2026 av sak 3/2026 Referatsaker og meldinger:

FO 1/26 Beredskapsplan for oppvekst, undervisning og kultur

Handsaming i Formannskapet - 11.02.2026 av sak 1/2026 Beredskapsplan for oppvekst, undervisning og kultur:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 11.02.2026 av sak 1/2026 Beredskapsplan for oppvekst, undervisning og kultur:

Teken til vitande.

PS 4/26 Språkprofil - Osterøy kommune

Handsaming i Formannskapet - 11.02.2026 av sak 4/2026 Språkprofil - Osterøy kommune:

Innstilling frå Levekårsutvalet 10.02.2026:

Planen vert sendt ut på høyring.

Framlegg til vedtak frå Ann Kristin Borge(AP):

Språkprofilen for Osterøy vert ikkje godkjent slik han ligg føre.

Språkprofilen skal visa til eit skriftspråk som speglar ostringen sin talemåte, med til dømes -a-endingar (å lesa), me (ikkje vi, sjølv om det er ei valfri form), skule (sjølv om skole er ei valfri form) og -j- (å leggja, å byggja).

I tillegg skal det koma fram kor lang tid ein ser føre seg at det tek å innføra profilen, og korleis kommunedirektøren skal følgja opp bruken.

Planen vert difor sendt tilbake for omarbeiding og revidering. Formannskapet ber òg om at administrasjonen gjev Mållaget høve til å koma med uttale før saka kjem opp att i Formannskapet.

Votering:

Framlegg til vedtak frå Ann Kristin Borge(Ap) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 11.02.2026 av sak 4/2026 Språkprofil - Osterøy kommune:

Språkprofilen for Osterøy vert ikkje godkjent slik han ligg føre.

Språkprofilen skal visa til eit skriftspråk som speglar ostringen sin talemåte, med til dømes -a-endingar (å lesa), me (ikkje vi, sjølv om det er ei valfri form), skule (sjølv om skole er ei valfri form) og -j- (å leggja, å byggja).

I tillegg skal det koma fram kor lang tid ein ser føre seg at det tek å innføra profilen, og korleis kommunedirektøren skal følgja opp bruken.

Planen vert difor sendt tilbake for omarbeiding og revidering. Formannskapet ber òg om at administrasjonen gjev Mållaget høve til å koma med uttale før saka kjem opp att i Formannskapet.

PS 5/26 Debattheft 2026

Handsaming i Formannskapet - 11.02.2026 av sak 5/2026 Debattheft 2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at Osterøy kommune stiller seg bak dei framlagde innspela til KS Debattheft 2026. Innspela svarer på problemstillingane i debattheftet og gir eit tydeleg uttrykk for behovet for auka endringstakt for berekraftig velferd og betre mobilisering av arbeidskraft.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 11.02.2026 av sak 5/2026 Debattheft 2026:

Kommunedirektøren tilrår at Osterøy kommune stiller seg bak dei framlagde innspela til KS Debattheft 2026. Innspela svarer på problemstillingane i debattheftet og gir eit tydeleg uttrykk for behovet for auka endringstakt for berekraftig velferd og betre mobilisering av arbeidskraft.

PS 6/26 Framtidig organisering av arbeidsmarknadsverkemndene i Nordhordland som leverer tiltaka Varig tilrettelagt arbeid (VTA) og arbeidsforberedande trening (AFT)

Handsaming i Formannskapet - 11.02.2026 av sak 6/2026 Framtidig organisering av arbeidsmarknadsverkemndene i Nordhordland som leverer tiltaka Varig tilrettelagt arbeid (VTA) og arbeidsforberedande trening (AFT):

Innstilling frå Levekårsutvalet 10.02.2026:

1. Heradstyret tek rapporten Utgreiing av organisering av arbeidsmarknadsverksemdene i Nordhordland til orientering.
2. Heradstyret sluttar seg til at fusjon (full samanslåing) vert lagt til grunn som vidare hovudretning for utvikling av arbeidsmarknadsverksemdene i Nordhordland, i tråd med tilråding frå arbeidsgruppa og styra i verksemdene.
3. Heradstyret legg til grunn at ei eventuell samanslåing skal skje stegvis og i tett dialog med NAV, eigarkommunane, verksemdene og dei tilsette.
4. Heradstyret føreset at lokal tilstedeværelse og aktivitet på Osterøy vert vidareført i ein eventuell samanslått organisasjon, slik at deltakarar i VTA og AFT framleis får tilbod med nærleik og kontinuitet.
5. Heradstyret føreset at tilsette vert sikra god medverknad og oppfølging i ein eventuell fusjonsprosess, og at det vert lagt vekt på open kommunikasjon, kulturbygging og trygge omstillingsprosessar.
6. Heradstyret ber administrasjonen og OPRO AS å arbeide vidare med avklaringar knytt til eigarmodell, organisering, økonomiske konsekvensar og framdrift, før endeleg sak om gjennomføring av fusjon vert lagt fram for politisk handsaming.
7. Heradstyret legg til grunn at eigarkommunane skal bidra til aktiv deltaking og tydeleg bruk av arbeidsmarknadsverksemdene i arbeidet mot utanforskap og personar som står utanfor arbeid. Omfang og form for slik deltaking skal samstundes vurderast løpande av den einskilde kommune, basert på lokale behov, prioriteringar, kostnader og tilgjengeleg budsjettdekning, og innanfor vedtekne økonomiske rammer og gjeldande regelverk.

Endringsforslag frå Alexander Thunestvedt (Ap):

Punkt 5 i innstillinga vert endra til

Heradstyret føreset at tilsette og pårørande vert sikra god medverknad og oppfølging i ein eventuell fusjonsprosess, og at det vert lagt vekt på open kommunikasjon, kulturbygging og trygge omstillingsprosessar

Tilleggsforslag frå Ann Kristin Borge(Ap):

Heradsstyret legg til grunn at Osterøy kommune sin eigarandel og del av stemmene i eit nytt aksjeselskap, minst skal svare til den forholdsmessige delen av verdiane (eigenkapitalen) Osterøy kommune tek med seg inn i det nye selskapet.

Votering:

Endringsforslag frå Alexander Thunestvedt (Ap) vart samrøystes vedteke.

Tilleggsforslag frå Ann Kristin Borge(Ap) vart vedteke med 6 røyster for og ei røyst mot(Krf).

Innstilling frå Levekårsutvalet 10.02.2026 vart samrøystes vedteke med endrings- og tilleggsforslag.

Framlegg frå Alexander Thunestvedt (Ap) om å løfte saka til ny handsaming i møtet.**Votering:**

Det vart samrøystes vedteke å løfte saka til ny handsaming.

Endringsforslag frå Alexander Thunestvedt(Ap):

Punkt 5 i innstillinga vert endra til:

Heradstyret føreset at tilsette, brukarar og pårørande vert sikra god medverknad og oppfølging i ein eventuell fusjonsprosess, og at det vert lagt vekt på open kommunikasjon, kulturbygging og trygge omstillingsprosessar.

Votering:

Endringsforslag frå Alexander Thunestvedt(Ap) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 11.02.2026 av sak 6/2026 Framtidig organisering av arbeidsmarknadsverkemndene i Nordhordland som leverer tiltaka Varig tilrettelagt arbeid (VTA) og arbeidsforberedande trening (AFT):

1. Heradstyret tek rapporten Utgreiing av organisering av arbeidsmarknadsverksemdene i Nordhordland til orientering.

2. Heradstyret sluttar seg til at fusjon (full samanslåing) vert lagt til grunn som vidare hovudretning for utvikling av arbeidsmarknadsverksemdene i Nordhordland, i tråd med tilråding frå arbeidsgruppa og styra i verksemdene.

3. Heradstyret legg til grunn at ei eventuell samanslåing skal skje stegvis og i tett dialog med NAV, eigarkommunane, verksemdene og dei tilsette.

4. Heradstyret føreset at lokal tilstedeværelse og aktivitet på Osterøy vert vidareført i ein eventuell samanslått organisasjon, slik at deltakarar i VTA og AFT framleis får tilbod med nærleik og kontinuitet.

5. Heradstyret føreset at tilsette vert sikra god medverknad og oppfølging i ein eventuell fusjonsprosess, og at det vert lagt vekt på open kommunikasjon, kulturbygging og trygge omstillingsprosessar.

6. Heradstyret ber administrasjonen og OPRO AS å arbeide vidare med avklaringar knytt til eigarmodell, organisering, økonomiske konsekvensar og framdrift, før endeleg sak om gjennomføring av fusjon vert lagt fram for politisk handsaming.

7. Heradstyret legg til grunn at eigarkommunane skal bidra til aktiv deltaking og tydeleg bruk av arbeidsmarknadsverksemdene i arbeidet mot utanforskap og personar som står utanfor arbeid. Omfang og form for slik deltaking skal samstundes vurderast løpande av den einskilde kommune, basert på lokale behov, prioriteringar, kostnader og tilgjengeleg budsjettdekning, og innanfor vedtekne økonomiske rammer og gjeldande regelverk.

Heradsstyret legg til grunn at Osterøy kommune sin eigarandel og del av stemmene i eit nytt aksjeselskap, minst skal svare til den forholdsmessige delen av verdiane (eigenkapitalen) Osterøy kommune tek med seg inn i det nye selskapet.

Punkt 5 i innstillinga vert endra til:

Heradstyret føreset at tilsette, brukarar og pårørande vert sikra god medverknad og oppfølging i ein eventuell fusjonsprosess, og at det vert lagt vekt på open kommunikasjon, kulturbygging og trygge omstillingsprosessar.

PS 7/26 43/1 - Søknad om samtykke til deling etter jordlova

Handsaming i Formannskapet - 11.02.2026 av sak 7/2026 43/1 - Søknad om samtykke til deling etter jordlova:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval 03.02.2026:

Plan- og kommunalteknisk utval innstiller formannskapet til å treffe slikt vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak: 03.02.2026 "Kommunen gjev ikkje samtykke til frådelling av tunparsell og sal av resteigedomen til gbnr. 43/3 som tilleggsareal, slik det er søkt om. Søknad journalført motteke 17.06.25 vert avslått.

Vedtaket er gjort med heimel i jordlova §§ 9 og 12.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av kommunedirektøren si saksutgreiing, samt av supplerande merknader under.

Grunngjeving

Normalt er det kommunedirektøren som treff vedtak i saker etter jordlova om omdisponering og frådelling i første instans. Plan- og kommunalteknisk utval treff vedtak i klagesaker. Kommunedirektøren har likevel valt å legge denne saka fram for avgjerd i utvalet som første instans. Bakgrunnen er at kommunedirektøren ser på saka som prinsipiell og med vurderingar av politisk karakter.

Forslagsstillarane meiner plan- og kommunalteknisk utval her bør innstille til formannskapet, heller enn å treffe vedtak sjølv. Av Reglement for plan- og kommunalteknisk utval § 2 siste punktum går det fram at utvalet bør leggje fram enkeltsaker av prinsipiell karakter for formannskapet til endeleg avgjerd.

Forslagsstillarane meiner at så langt det ligg innanfor handlingsrommet i jordlova, bør kommunen gjennom si skjønnsutøving legge til rette for at jord som elles vert leigd bort vert overført til eige til aktive bønder. (Sjå s. 26 i rundskriv M-2/2021 Driveplikt, omdisponering og deling etter jordlova.)

Vi meiner det er ein slik politikk som best vil oppretthalde kunnskapen om matproduksjon og legge til rette for at jord- og husdyrhald vert halde i hevd i kommunen. Eit prinsippvedtak i denne saka vil synleggjere at dette er ei linje som vil bli søkt forfylgt også i framtidige saker og skape grunnlag for likebehandling.

Uavhengig av kva utfall denne saka får i formannskapet, bør ho etter forslagsstillarane sitt syn fylgjast opp med ein ny kommunal rettleiar for jordlovssaker om omdisponering, deling og driveplikt. Kommunen sine retningslinjer for dette saksområdet er forelda og ikkje oppdaterte med ny lovgjeving og nye nasjonale retningslinjer. Vi henstiller til formannskapet om å be kommunedirektøren prioritere arbeidet med nye kommunale retningslinjer, og legge dei fram for heradsstyret til vedtak.

Framlegg til vedtak frå Ann Kristin Borge(Ap):

Kommunen gjev ikkje løyve til frådelling og omdisponering som omsøkt.

Formannskapet ber kommunedirektøren utarbeida ein ny rettleiar for jordlovsaker om omdisponering/driveplikt, og leggja denne fram for Heradstyret. Kommunen bør arbeida for at jordbrukseigedomar som elles vert leigd bort, vert overført til eige for aktive bønder.

Framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit(Frp):

Formannskapet godkjenner frådeling som omsøkt, framtidig salg av jorda om dette vert aktuelt, skal selgast til grenseligande bruk.

Fremlegg til vedtak frå Ragnar Tyssebotn(Frp):

Saka vart send vidare til heradsstyret for handsaming.

Votering:

Ann-Kristin sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 5 røyster for og 2 røyster mot(2Frp).

Ragnar Tyssebotn sitt framlegg om å sende saka vidare til heradsstyret fall, med 2 røyster for (Frp) og 5 røyster mot.

Vedtak i Formannskapet - 11.02.2026 av sak 7/2026 43/1 - Søknad om samtykke til deling etter jordlova:

Kommunen gjev ikkje løyve til frådeling og omdisponering som omsøkt.

Formannskapet ber kommunedirektøren utarbeida ein ny rettleiar for jordlovsaker om omdisponering/driveplikt, og leggja denne fram for Heradstyret. Kommunen bør arbeida for at jordbrukseigedomar som elles vert leigd bort, vert overført til eige for aktive bønder.

PS 8/26 Avslutte miljøfyrtårnsertifisering av kommunale bygg

Handsaming i Formannskapet - 11.02.2026 av sak 8/2026 Avslutte miljøfyrtårnsertifisering av kommunale bygg:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Osterøy kommune avsluttar Miljøfyrtårn-sertifiseringa når inneverande sertifiseringsperiode går ut.
- 2.Kommunen fører vidare arbeidet med klima- og miljøtiltak gjennom interne rutinar og eksisterande lovpålagde krav, utan ekstern sertifiseringsordning.
- 3.Innsparte midlar og frigjorde administrative ressursar blir nytta til prioriterte kjerneoppgåver i kommunen.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 11.02.2026 av sak 8/2026 Avslutte miljøfyrtårnsertifisering av kommunale bygg:

- 1.Osterøy kommune avsluttar Miljøfyrtårn-sertifiseringa når inneverande sertifiseringsperiode går ut.**
- 2.Kommunen fører vidare arbeidet med klima- og miljøtiltak gjennom interne rutinar og eksisterande lovpålagde krav, utan ekstern sertifiseringsordning.**
- 3.Innsparte midlar og frigjorde administrative ressursar blir nytta til prioriterte kjerneoppgåver i kommunen.**

PS 9/26 Utviding av IKTNH med tre nye kommunar

Handsaming i Formannskapet - 11.02.2026 av sak 9/2026 Utviding av IKTNH med tre nye kommunar:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Osterøy kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med kommunane, Etne, Tysnes og Vindafjord.
2. Osterøy kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 11.02.2026 av sak 9/2026 Utviding av IKTNH med tre nye kommunar:

1. Osterøy kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med kommunane, Etne, Tysnes og Vindafjord.
2. Osterøy kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

EV 1/26 Andre saker/spørsmål

Handsaming i Formannskapet - 11.02.2026 av sak 1/2026 Andre saker/spørsmål:

Vedtak i Formannskapet - 11.02.2026 av sak 1/2026 Andre saker/spørsmål:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.

